



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato  
01.12.2014  
Dykkar dato  
25.11.2014

Vår referanse  
2014/14351 421.3  
Dykkar referanse  
14/2360

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **Uttale til oppføring av bustader - Gnr. 173, Bnr. 79 og 80 - Rydland - Lindås**

Fylkesmannen syner til brev dagsett 25.11.2014 med uttalefrist 29.12.2014. Saka gjeld søknad om dispensasjon til oppføring av to bustader. Eigedomane er i kommuneplanen synt med arealføremålet LNFR, og krev såleis dispensasjon i frå kommuneplanen sin arealdel.

Søkjar ønskjar å oppføre bustader på to tomter som vart frådelt til bustadføremål i 1994. Kvar av tomtene er på ca. 1,6 daa, og på den eine tomta står det ein gammal driftsbygning. I markslagkartet AR5 er areala klassifisert som innmarksbeite, og ligg i Lindås si omsynssone for landbruk. Areala var også synt som LNF i den gamle kommuneplanen som var gjeldande frå 2003 til 2011.

Det er ei klar regional og nasjonal målsetting at det skal takast omsyn til landbruksinteressene i plan- og dispensasjonssaker. Ettersom arealet er kartlagt som dyrka mark, og ligg i eit kulturlandskapsområde på Rydland, meiner vi at ulempene frådelinga vil ha for det å kunne drive landbruksdrift i området, og ulepper for landskapet er mykje større enn fordelane dispensasjonen kan gje etter ei samla vurdering.

Fylkesmannen rår på bakgrunn av dette i frå at det vert gjeve dispensasjon.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*